

# Eksamen

Eksamensdato: 3. juni 2016

Fagkode: HEA2003

Fagnavn: Yrkesutøvelse

**Programområde:** Helsearbeiderfag Vg2

# Nynorsk

## Eksamensinformasjon

|                                  |   |
|----------------------------------|---|
| <b>Eksamenstid</b>               | Eksamen varer i 4 timar.  |
| <b>Hjelpemiddel</b>              | Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.   |
| <b>Bruk av kjelder</b>           | <p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>   |
| <b>Informasjon om vurderinga</b> | <p>Følgjande kompetansemål vert vurdert i oppgåva:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• drøfte kva profesjonell yrkesutøving inneber for helsefagarbeidaren</li><li>• drøfte kva brukarmedverknad inneber</li><li>• forklare prinsippa for universell utforming</li><li>• greie ut om og bruke ergonomiske prinsipp i yrkesutøvinga</li></ul> <p>I tillegg vil det bli lagt vekt på at du:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• viser fagleg kunnskap og haldningar som er relevante i oppgåvene</li><li>• viser kreativitet i val av løysingar</li><li>• viser <b>dugleik</b> i problemløysing</li><li>• har fokus på brukaren</li><li>• ser yrkesutøvinga i eit heilhetlig perspektiv</li></ul> |

### **Skildring av ein situasjon:**

Anne Berit Ness er 51 år. Ho er einsleg og har ikkje barn. Ho har hatt diagnosen MS sidan ho var om lag 30 år, og ho er uføretrygda. Ho bur aleine i ein einebustad tilpassa rullestol. Ho bur like ved eit stort kjøpesenter, og drar ofte dit for å møte vener og gå på kafe. Anne Berit greier matlaging sjølv, og et sjølv.

Anne Berit får hjelp av heimesjukepleia kvar morgon og kveld. Ho treng hjelp til morgonstell, til å komme inn og ut av rullestolen og til WC-besøk i løpet av dagen.

Heimesjukepleia har fått installert ein takheis og sett inn ei sjukehusseng hos Anne Berit. Ho liker ikkje at pleiarane bruker takheisen ved flytting. Ho seier at ho føler seg sjukeleggjort, og vil heller at pleiarane skal løfte henne og flytte henne utan heis.

**Svar på disse oppgåvene ut frå skildringa av situasjonen og kompetansemåla i oppgåva:**

### **Oppgåve 1**

Drøft kva brukar-medverknad inneber for Anne Berit og pleiarane i heimesjukepleia.

### **Oppgåve 2**

Grei ut om korleis du vil bruke ergonomiske prinsipp i yrkesutøvinga hos Anne Berit.

### **Oppgåve 3**

Kva meiner du med omgrepet universell utforming, og kva har dette å seie for Anne Berits sosiale liv?

### **Oppgåve 4**

Drøft kva det vil seie å vere ein profesjonell helsefagarbeidar for Anne Berit.

# Bokmål

## Eksamensinformasjon

|                                   |   |
|-----------------------------------|---|
| <b>Eksamenstid</b>                | Eksamen varer i 4 timer.  |
| <b>Hjelpemidler</b>               | Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.   |
| <b>Bruk av kilder</b>             | <p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettsadresse og nedlastingsdato.</p>  |
| <b>Informasjon om vurderingen</b> | <p>Følgende kompetansemål blir vurdert i oppgava:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• drøfte hva profesjonell yrkesutøvelse innebærer for helsefagarbeideren</li><li>• drøfte hva brukermedvirkning innebærer</li><li>• forklare prinsippene for universell utforming</li><li>• gjøre rede for og anvende ergonomiske prinsipper i yrkesutøvelsen</li></ul> <p>I tillegg vil det bli lagt vekt på at du:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• viser faglig kunnskap og holdninger som er relevante i oppgavene</li><li>• viser kreativitet i valg av løsninger</li><li>• viser ferdigheter i problemløsning</li><li>• har fokus på brukeren</li><li>• ser yrkesutøvelsen i et helhetlig perspektiv</li></ul> |

## **Situasjonsbeskrivelse:**

Anne Berit Ness er 51 år. Hun er enslig og har ikke barn. Hun har hatt diagnosen MS siden hun var ca. 30 år og er uføretrygdet. Hun bor alene i en enebolig tilpasset rullestol. Hun bor like ved et stort kjøpesenter og drar ofte dit for å møte venner og gå på kafé. Anne Berit greier matlaging selv og spiser selv.

Anne Berit får hjelp av hjemmesykepleien hver morgen og kveld. Hun trenger hjelp til morgenstell, til å komme inn og ut av rullestolen og til WC-besøk i løpet av dagen.

Hjemmesykepleien har fått installert en takheis og satt inn en sykehusseng hos Anne Berit. Hun liker ikke at pleierne bruker takheisen ved forflytning. Hun sier hun føler seg sykeliggjort og vil heller at pleierne skal løfte henne og forflytte uten heis.

## **Svar på disse oppgavene ut fra situasjonsbeskrivelsen og kompetansemålene i oppgaven:**

### **Oppgave 1**

Drøft hva brukermedvirkning innebærer for Anne Berit og pleierne i hjemmesykepleien.

### **Oppgave 2**

Gjør rede for hvordan du vil anvende ergonomiske prinsipper i yrkesutøvelsen hos Anne Berit.

### **Oppgave 3**

Hva menes med begrepet universell utforming og hvilken betydning har dette for Anne Berits sosiale liv?

### **Oppgave 4**

Drøft hva det vil si å være en profesjonell helsefagarbeider for Anne Berit.



[www.vigoiks.no/eksamen](http://www.vigoiks.no/eksamen)